



Hordaland Senterparti hadde årsmøte i helga og attvalde Elin Legland frå Uskedalen (biletet) som studieleiar. Steinulf Tungesvik held fram som styreleiar.

Elin Legland er også leiar i Kvinnherad Senterparti. Ho er nestleiar i forvaltningskomiteen i Kvinnherad og har nyleg teke over leiarvervet i komiteen for helse, omsorg og miljø etterat Bente Bondhus fekk fritak frå kommunale verv.

Dei andre i styret for fylkespartiet er Olav H. Opedal frå Ullensvang, Ingvor Gundegjerde frå Etne, Torunn Herfindal frå Bergen, Ingrid Netlandfrå Os og Jostein Ljones frå Kvam.